



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	08.06.2015	065/15
Giske kommunestyre	18.06.2015	038/15

Saksbehandler	Arkiv	Arkivsaknr
Henrik Wang	K1 - 024, K3 - &13	15/530 - 2

FORSLAG OM ENDRINGAR I HEILAGDAGSLOVA - SØNDAGSOPNE BUTIKKAR - HØYRING

Vedlegg:

Høring- forslag om endringer i helligdagsloven .pdf
hoeringsnotat-sondagsaapne_butikker_-27.mars_2015

Saksutgreiing:

Kulturdepartementet har sendt ut høyringsutkast til endringar i heilagdagslova om søndagsopne butikkar, med svarfrist 30. juni. Departementet sitt forslag om å bygge ned reguleringa av opningstidene på søndagar er grunna på regjeringa si politiske plattform som m.a. seier at tilbod og etterspurnad er betre egna enn lovverket for å regulere opningstidene i butikkane. Regjeringa seier også at dei *«sammen med partene i arbeidslivet (vil) vurdere hvordan de butikkansatte kan bli omfattet av et godt lovverk når det gjelder arbeidstid og medbestemmelse»*. Stortinget er no i ferd med å endre arbeidsmiljølova knytt til søn- og heilagdagsarbeid.

EU-domstolen har vedtatt at nasjonalt regelverk om opningstider høyrer under nasjonal kompetanse og rører dimed ikkje med fellesskapsretten.

Heilagdagslova sier i sin føremålsparagraf § 1 *«For å verne om det gudstjenestelige liv og den alminnelige fred på helligdager og for å gi høytiden ro og verdighet, skal det være helligdagsfred i samsvar med reglene i denne lov.»*

§ 5 1. ledd seier at «På helligdager skal faste utsalgssteder som selger varer til forbrukere, holde stengt. På jul-, påske- og pinseften skal de stenge kl. 16.»

Det ei rekkje unntaksreglar som gjev høve til handel på søndagar, bl.a. gjeld dette generelt for cruise- og fiskerihamner, e-handel, hagesentra, bensinstasjonar og butikkar under 100 m² storleik.

I kort oppsummerar brevet frå departementet utkastet til endringar slik:

« Kulturdepartementet foreslår i høringsnotatet å endre helligdagsloven, slik at det blir tillatt for butikker å ha åpent på vanlige søndager. Påbudet om stengte butikker foreslås opprettholdt for de særskilte helligdagene, for høytidsdagene 1. og 17. mai, og for høytidsaftenene påske-, pinse-, og julaften fra kl. 16. Av praktiske grunner foreslås det å videreføre dagens unntaksregler for nærmere bestemte typer utsalgssteder på de dagene der butikkene ellers skal holde stengt.

Det er i høringsnotatet også tatt inn et alternativt forslag om at beslutningsmyndighet legges til den enkelte kommune. Gjennom en slik løsning vil de lokalt folkevalgte kunne ta stilling til om adgangen til søndagsåpent i kommunen skal utvides i forhold til dagens regulering, men det forutsettes at en eventuell kommunal reguleringsmyndighet ikke skal kunne medføre innstramming sammenlignet med dagens situasjon.»

Departementet sine vurderingar gjeld m.a. om all regulering av opningstider bør bli oppheva: Det meiner at omsyn til tradisjonar og heilagdagsfred framleis bør gjelde, og at ein heller bør justere regelverket slik det er i dag.

Eit anna alternativ er å halde fast ved hovudreglen om butikkstengt på heilagdar, men justere unntaksreglane for å halde fleire butikkar ope og samtidig unngå forskjellsbehandling: Det kan då oppstå vanskelege avgrensingsspørsmål ved utforming av unntak. Departementet sitt framlegg er difor at butikkar skal få tilgang til å halde ope på alle vanlege søndagar men at dei særskilte heilagdagane, høgtidsdagane og høgtidskveldane framleis som hovudregel bør skjermast.

Eit alternativ til utvida rammer for søndagsopne butikkar er å overlate slike vedtak til kommunane. Det vil då vere lokaldemokratiet som avgjer.

I framlegget ber departementet difor om syn på spørsmålet om lovregulering der

vedtaksmynde vert lagt til kommunane, er eit føremålstenleg alternativ til primærforslaget.

Heimelsgrunnlaget

-

Økonomiske konsekvensar:

ingen

Vurdering:

Utgangspunktet for endring av lova er at det skal vere lettare for innbyggjarane å handle alle dagar i veka. Det vert også alternativt forslag om at kommunane sjølv skal bestemme dette, ut i frå at ein då kan tilpasse opningstidene til lokale / kommunale føresetnader.

Positive element i framlegget er m.a. at innbyggjarane sjølv kan bestemme når dei vil og kan handle. Det vil venteleg også auke behovet for arbeidskraft, t.d.. studentar og andre som treng deltidsarbeid.

Negative element i framlegget kan vere svekking av arbeidstakarane sine rettigheter, jfr. endringar i arbeidsmiljølova. Det gjev også mindre mulegheit til samvær med familien ein felles dag i veka for dei som må arbeide turnus.

Småbutikkane/ mann-og-kone-bedriftene kan få problem med å halde ope i konkurransen med dei store, og både fagorganisasjonane og Virke er skeptiske til framlegget om søndagsope.

Rådmannen legg difor fram slik

Innstilling:

Giske kommunestyre går imot framlegg om endring av heilagdagslova om søndagsopne butikkar.

08.06.2015 Giske formannskap

F- 065/15 Vedtak:

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

18.06.2015 Giske kommunestyre

K- 038/15 Vedtak:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt.